




Det er mindre juleheftesal no enn før

Vi kjenner alle dei tradisjonelle julehefta i teiknserieform for born, Smørbukk, Tuss og troll, Vangsgutane, Blåmann og Knoll og Tott. Av slike finn vi heile 55 ulike julehefte i sal i jula 2010.



[Dette heftet kom i 1940 og ber preg av det.](#)

Elles har forlag, historielag, misjonslag og ei rekkje ideelle organisasjonar sine julehefte. Vi minnest godt Sjømannsmisjonen og Misjonssambandet med sine julehefte. Det same med Norsk Barneblad sitt julehefte Juletre.

Eit anna mykje brukt nynorsk julehefte var Norsk Jul frå Fonna Forlag.

I Noreg er det elles ein flora av lokale julehefte.

Jul i Sogn, Jul i Hallingdal, Jul i Sundfjord, Jul på Nordmøre og Hardangerjol.

I Hardangerjol finn vi og artiklar frå Kvinnherad.

Knut E. Skåla frå Rosendal skriv i årets hefte om fartybygging i Kvinnherad og hopehavet medhardingane. Før har der vore skrive om ungdomshuset på Hatlestrand.

Hardangerjøl 2009

59 utg.



Tysso I, Tyssedal kraftstasjon,
fotografert første vinterdagen, 14. oktober.
Foto: Harald Hognerud

Kr. 60,-

[Det kjem framleis lokale hefte](#)

Kyrkjelydsbladet 'Helg og Yrke' sender kvart år ut Fra Fjord og Fjære. Det må reknast som Sunnhordland sitt lokale julehefte.

Fast teiknar og illustratør i mange tiår var kunstnaren Magnus Hardeland frå Etne/Fitjar. Vi har tilgang til Fra Fjord Fjære frå 1932 og framover. I tillegg til å vera eit kyrkjelydsblad har heftet alltid vore ein god dokumentasjon

på lokalhistorisk arbeid i Sunnhordland.

Særleg gripande er det å lesa bladet frå jula 1940 der fleire artiklar ber preg av krigen og den tidlege nazifiseringa av kyrkja og friviljuge organisasjonar.

Sokneprest i Fjelberg, Sverre Årseth, og Aksel Mjøs (Stord) var to sentrale personar i arbeidet. I løynd fekk dei inn artklar med eit klart mål om å halda motet oppe: Guds fred er meir enn englevakt, Vi held saman, Talar Gud no og Frå angst til trygghet. Sverre Årseth gjekk seinare inn i motstandsørsla, vart arrestert hausten 1944 og sat i fangenskap til freden kom.

Etter det vi kjenner til, er det mindre juleheftesal no enn før. Julehefta har truleg ein anna funksjon i dag.

Kor som er: Julehefta er ein viktig del av kulturarven vår. Dei fortel oss mykje om tankar, tru og kva menneske er gripen av til ei kvar tid.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen



Smørbutikk lever framleis